

Vinje folkebibliotek ynskjer deg velkomen som lånar



Ver venleg og les lånereglane nøye før du registrerer deg som lånar.

Lånekort

Som det står i lånereglane kan du få lånekort når du startar i 1. klasse.

Frå 1. til 8. klasse må du ha godkjenning av ein føresett for å få lånekort.

Du er ansvarleg for det som blir registrert på lånekortet ditt.

Det er lov å låne to DVD/videoar pr lånekort.

Born som låner video/DVD får berre låne filmar med tillatt aldersgrense.

Då det er overtidsbetaling for video/DVD, må foreldra gjera avtale med borna sine om borna ikkje skal låne video/DVD på eiga hand.

Purring og gebyr

Fyrste påminning om at du må levere tilbake lånebøker kjem vanlegvis 4 veker etter forfallsdato, men om annan lånar ventar på boka, vil purrebrevet koma når lånetida er ute.

Fyrste påminninga er gratis.

Etter nye 2 veker kjem 2. purring, og då vil datamaskina registrere at du skuldar kr. 25.

Den tredje purringa kjem etter nye 2 veker og kostar kr. 50.

Om boka ikkje blir levert då, vil det koma krav om erstatning etter fastsette takstar (sjå informasjonsbrosjyre).

Purrebrev for video/DVD kjem 1 veke etter innleveringsfristen.

Overtidsgebyr for DVD/video er kr. 5 pr. dag. Det blir ikkje sendt rekning på dette, men summen kjem opp på skjermen når DVD /video blir levert inn, og betaling skjer kontant. Når du betalar overtidsgebyr, vil summen bli sletta frå skjermen.

Hugs at du kan forlenge lånetida ved å ringe oss, eller du kan gjera det sjølv på nett.

_____ klypp her

Eg registrerer meg som lånar ved Vinje Folkebibliotek

Namn _____

Adresse _____

Poststad _____

E - postadresse _____

Telefon _____

Fødselsdato og år _____

Dato _____ Underskrift _____

Eg godkjenner at dotter mi/sonen min får registrere seg som lånar

Underskrift _____